

SJEKKLISTE TIL DEG SOM HAR FÅTT TILBOD OM KORONAVAKSINE

Du skal ikkje møte opp til vaksinasjon om du på vaksinasjonsdagen:

- Har symptom på forkjøling, feber over 38 °C eller andre teikn på infeksjonssjukdom
- Er i karantene eller ventar svar på koronatest
- Er isolert grunna covid-19 (du bør vente med vaksinen til 3-4 veker etter betring)
- Har blitt vaksinert med annan vaksine i løpet av siste 7 dagar
- Er gravid uten å tilhøyre risikogruppe for alvorleg koronasjukdom

Gje melding så raskt som mogleg til vaksinasjonsstaden. Vaksinasjonen vil då bli utsett.

Om du svarar ja på nokre av følgjande spørsmål, kan det vere behov for å ta førehandsreglar eller gjere ei individuell vurdering. Sjå meir informasjon under og kontakt lege om du er usikker.

- Har du auka blødingstendens?
- Har du hatt allergisk reaksjon på denne vaksinen eller innhaldsstoffa tidlegare?
- Har du tidlegare hatt alvorleg (livstruande) allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna?
- Er du gravid og tilhøyrer risikogruppe for alvorleg koronasjukdom?
- Brukar du medisiner av typen betablokkar?

INFORMASJON OM FØREHANDSREGLAR OG INDIVIDUELL VURDERING

Auka blødingstendens: Om du brukar blodfortynnande medisinar kan du vaksinerast som normalt. Det er liten risiko for større blødingar når vaksinen blir sett i armen. Gjer vaksinasjonsstaden merksam på at du brukar denne typen medisinar, slik at dei er førebudde på å hjelpe deg om det blir teikn til bløding på stikkstaden. Det vil i så fall hjelpe å presse mot området.

Døme på vanlege legemiddel i denne gruppa er Marevan, Eliquis, Pradaxa, Xarelto, Lixiana, Albyl-E, Aspirin, Acetylsalisylsyre, Plavix, Clopidogrel, Persantin, Brilique, Heparin, Fragmin og Klexane.

Om du har auka blødingstendens grunna anna sjukdomsbakteppe bør du kontakte lege for individuell vurdering. Om du har blødarsjukdom og blir behandla med koagulasjonsfaktor, bør du vaksinerast same dag som siste dosering med koagulasjonsfaktor.

Tidligare allergisk reaksjon på koronavaksine eller alvorleg allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna: Kontakt lege for individuell vurdering. Om lege tilrår vaksine kan det vere behov for auka beredskap for å handtere eventuelle allergiske reaksjonar, samt forlenga observasjonstid etter vaksinasjon.

Graviditet hos personar i risikogruppe: Inntil vidare er det berre kvinner i prioriterte grupper som får tilbod om vaksine. Om du er ei av desse, og er gravid, kan du i samråd med lege vurdere om det er mogleg å skjerme deg for smitte. Om skjerming ikkje er mogleg, kan du saman med lege vege risiko for alvorleg sjukdom av COVID-19 opp mot ein mogleg ukjent risiko ved vaksining. Det er til no lite erfaring med vaksinasjon av gravide og ammande. I det som finst av tilgjengelege data er det ikkje noko som tydar på at vaksinasjon er skadeleg for den gravide eller fosteret.

Amming: VEffekten på vaksinen hos ammande er ikkje undersøkt, men det er ikkje sannsynleg at vaksining av mor fører med seg nokon risiko for barnet som ammast. Ammande kan vaksinerast og treng ikkje å avbryte amminga etter vaksining.

Betablokkar: Helsepersonell bør vere klar over at du brukar denne typen medisinar så dei kan gje deg best mogleg hjelp om du får ein allergisk reaksjon. Du har ikkje auka risiko for allergiske reaksjonar, men kan trenge meir av dei medisinane som brukast for å behandle allergi.

Døme på vanlege betablokkarar er Metoprolol, Selo-Zok, Seloken, Bloxazoc, Atenolol, Bisoprolol, Emconcor, Brevibloc og Raploc.

For mer informasjon se: <https://www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/vaksiner-mot-de-enkelte-sykdommene/koronavaksine/>